

SKULEBIBLIOTEKPLAKATEN

EIN RETTLEIAR

AUSTEVOLL BØMLO FITJAR SOGDAL SOLUND SUNNFJORD SVEIO

SKULEBIBLIOTEK-PLAKATEN

- 1 Skulebiblioteket sin funksjon, rolle i pedagogisk arbeid og finansiering er definert i kommunen og skulane sitt planverk.
- 2 Det er sett av midlar til innkjøp av ny og aktuell litteratur på kvart skulebibliotek.
- 3 Det er sett av tid til lesing av sjølvvald litteratur i skulen og heime.
- 4 Kvar klasse har timeplanfesta tid på skulebiblioteket.
- 5 Skulane har avsett personalressurs til skulebibliotekansvarleg, med ansvar for lesestimulering, litteraturformidling og informasjonskompetanse.
- 6 Det er lagt til rette for samarbeid mellom skule og folkebibliotek.
- 7 Skulebiblioteka er gode stader å vere. Lokala er godt eigna til lesing, formidling og sosialt samvær.
- 8 Skulebibliotekansvarleg er inkludert i alle prosessar som er relevante for sitt ansvarsområde.

 XXXX kommune har slutta seg til Skulebibliotekplakaten. Plakaten er ein standard for gode skulebibliotek, utarbeidd av folkebiblioteka i Austevoll, Bømlo, Fitjar, Sogndal, Solund, Sunnfjord og Sveio, med bibliotekfagleg rådgjeving frå Vestland fylkeskommune ved eining for bibliotekutvikling.



FOR SKULEEIGAR, SKULELEIING OG LÆRARAR

INNLEIING

Skulebibliotekplakaten er utforma av bibliotek- og skulebibliotektilsette i kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Sogndal, Solund, Sveio og Sunnfjord, med bibliotekfagleg rådgjeving frå Vestland fylkeskommune ved eining for bibliotekutvikling.

Målet er at skulebibliotekplakaten skal vere eit hjelpeverktøy for å sikre ei minimumssatsing på skulebibliotek i kommunane som sluttar seg til plakaten. Plakaten blir politisk vedteke i dei kommunane som ynskjer å slutte seg til. Kommunane forpliktar seg då til å jobbe mot å oppfylle punkta i plakaten. Plakaten vil fungere som ei målsetjing, og konkrete tiltak for å nå dette målet kan tilpassast stoda og tilhøva i den einkilde kommune.

Samarbeidet om skulebibliotekplakaten kom ut av Bibliotekdagane 2023, med tema biblioteksamarbeid, i regi av Vestland fylkeskommune ved eining for bibliotekutvikling. Bibliotekdagane resulterte i fleire arbeidsgrupper, kvar sentrerte kring særskilte tema.

Denne gruppa samlast kring eit ynskje om å forbetre skulebiblioteka i sine kommunar, og hadde mål om å jobbe fram ein skulebibliotekstandard for Vestland. I løpet av dagane i Balestrand vart arbeidsgruppa si målsetjing konsentrert ned til ein skulebibliotekplakat. Ein standard for minimumskrav for skulebibliotek, eit sett med punkt som fungere som eit hjelpemiddel for å starte satsinga på skulebiblioteka i eigen kommune.

Første utkast vart presentert på seminar i Bergen 15. februar 2024. Utkastet vart omarbeidd etter innspel frå deltakarane, som besto av representantar frå skule- og oppvekstsektoren i dei sju kommunane og fylkeskommunen.

Kvifor ein skulebibliotekplakat?

- * **LÆRING.** Lesing er all læring si mor. God leseevne og -forståing påverkar barna sine resultat i alle fag og kan knytast til alle punkt i læreplanverkets overordna del.
- * **DEMOKRATI.** Gode leseferdigheiter er grunnleggande for at barn skal vekse opp til å vere gode og aktive deltakarar i eit demokratisk samfunn.
- * **HELSE.** Forsking visar at lesing styrker barna sine kognitive evner, fysiske og mentale helse, og bidreg til å auke emosjonell intelligens, sjølvregulering og utviklinga av kritisk tenking og refleksjon.
- * **SOSIAL UTJAMNING.** God leseopplæring og lesing i skule og barnehage bidreg til å utjamne sosiale ulikskapar.

Tidleg start og innsats er særskilt viktig, då barndommen er grunnlaget for livslange vanar. Oppsummert har det å lese betydning for folkehelse og livsmestring.

Leselyststrategien frå 2024 understrekar kor viktig lesinga er i barns læring og utvikling og syner Regjeringa si satsing på lesing og leseopplæring frå tidleg alder. Strategien legg stor vekt på skulebiblioteket si rolle.

Opplæringslova og forskrift til denne syner begge at skulebibliotek er lovfesta, og legg føringar for kommunane. Utvida nasjonal bibliotekstrategi frå 2024 fokuserer blant anna på å styrke arbeidet med lesestimulering, samt auke og styrke samarbeidet mellom ulike bibliotek; til dømes folke- og skulebibliotek.

Saman syner dette viktigheita av å starte tidleg og bygge samarbeidstrukturar og støttande nettverk kring barna og litteraturen. Dei vaksne kring barna har ulike tilnærmingar: bibliotek, barnehage, skule, helsevesen, foreldre – alle har ulike kunnskapstradisjonar og ulike vinklingar på utfordringar og moglegheiter.

Men alle har same mål: å skape leselyst og lesemotivasjon med dei unge for å gje dei best mogleg utgangspunkt i livet.

Redaksjon:

Anita Bergseth, Sogndal
Bente Elisabeth Lund Hawkes, Sunnfjord
Ingrid Leithaug Mjanger, Bømlo
Jorunn Anitha Ramsdal, Sveio
Ketil Reigstad, Austevoll
Randi Storøy, Solund
Silje Vågen Torbjørnsen, Fitjar

Faglege råd:

Siri Ingvaldsen, Bibliotekutvikling
Astrid Sundset Moe, Bibliotekutvikling
Silje Jansen Nybø, Bibliotekutvikling

1

SKULEBIBLIOTEKET SIN FUNKSJON, ROLLE I PEDAGOGISK ARBEID OG FINANSIERING ER DEFINERT I KOMMUNEN OG SKULANE SITT PLANVERK

Leseglede og god lese­dugleik kjem ikkje av seg sjølv. Målretta og kollektiv innsats over tid må prioriterast i alle ledd, frå skuleeigar til den ein­skilde lærar. Å satsa på lesing betyr at ein løfter lesing opp som eit prioritert tema som alle tilsette brukar tid på og systematisk gjennomfører i praksis.

Det kjem nye elevar kvart år, og alle har eit krav på ein målretta og systematisk satsing på lesing gjennom heile skulen. Kommunane som sluttar seg til plakaten har utvikla — eller er i ferd med å utvikla — lokale planar for kommunen og på den ein­skilde skule om skulebiblioteket sin funksjon, rolle i pedagogisk arbeid og finansiering. Ein slik plan er gjerne moment i planar som går under namnet «leseplan».

Korleis utvikla ein leseplan?

- * Planen må **forankrast** i leiinga og i personalet
- * På skulane må det vera **ein aktiv pådrivar**, helst leiar på skulen i samarbeid med skulebibliotekar og folkebibliotek.
- * **Initieringsfase:** Planen utarbeidast, gjerne med fagleg rådgjeving frå instansar som Nasjonalt lesesenter eller fylkeskommunen ved eining for bibliotekutvikling,
- * **Implementeringsfase.** Alle tilsette må vera aktive deltakarar får å kunne endra praksis og utvikla ei kollektiv forståing av planen. Det kan ta 3 til 5 år, og skjer på både kommune- og skulenivå.

Forslag til standardar og ansvar (ikkje krav):

SKULEBIBLIOTEKET SOM VIKTIG RESSURS	SKULEBIBLIOTEKET SI ROLLE FOR LÆRING	RAMMER FOR SKULEBIBLIOTEKET
Leiinga er kjent med lov og forskrift om skulebibliotek og ser verdien av eit godt skulebibliotek	Skulebiblioteket spelar ei viktig rolle for å utvikla elevane si språk- og lesekompetanse	Skulebiblioteket er opent og bemanna.
Skulebiblioteket skal vera eit læresenter og varig del av pedagogisk verksemd.	Skulebiblioteket er sentralt i opplæringa av informasjonskompetanse.	Skulebibliotekaren bør ha eller få bibliotekfagleg kompetanse.
Det er gode rutinar på kvar skule for samarbeid mellom skulebibliotekar og lærarar	Skulebiblioteket er viktigaste arena for litteraturformidling, både for skjønnlitteratur og faglitteratur som stimulerer til lesing	Skulebiblioteket er eit innbydande rom, sentralt plassert i skulen
Skulebiblioteket er ein trygg og sosial møtestad for elevane.	Skulebiblioteket har eit godt utval av ny og aktuell litteratur som er tilpassa målgruppa.	Det er eit budsjett til innkjøp av ny og aktuell litteratur, minimum 100 kr per elev i året.

SKULEEIGAR SKAL	REKTOR SKAL	LÆRAR SKAL	BIBLIOTEKAR SKAL
Ha det overordna ansvaret for skulebiblioteka i kommunen	Sørge for at skulebiblioteket har ressursane som mogleggjer eit aktivt samarbeid mellom lærar og skulebibliotekar	Bruke skulebiblioteket aktivt i det pedagogiske arbeidet	Utvikle skulebiblioteket i samarbeid med skuleeigar, rektor og folkebibliotek
Sørge for at det er samla ressursar til skulebibliotek	Gjera seg kjent med kva skulebiblioteket kan vere	Bruke skulebiblioteket som lesestimulerande arena	Bidra i undervising om kjeldekritikk og informasjonssøk
Sørge for at skulane følger opp kommunen sin plan for skulebiblioteka	Sørge for at skulebibliotekar deltek på fellesmøter så langt det er mogleg evt. blir informert i etterkant	Samarbeide med skulebibliotekaren om lesestimulering og informasjonskunnskap	Vere samarbeidspartnar for lærarar i tverrfaglege tema
Sørge for oppfølging av plan for samarbeid mellom skule og folkebibliotek	Vere ansvarleg for at lærarane brukar skulebiblioteket aktivt og legg til rette for samarbeid mellom skulebibliotek og lærar	Samarbeide med skulebibliotekar om å finne rett bok til rett elev	Utvikle skulebiblioteket si samling, halde skulebiblioteket ryddig og systematisk

DET ER SATT AV MIDLAR TIL INNKJØP AV LITTERATUR PÅ KVART SKULEBIBLIOTEK

Det seier egentleg seg sjølv. Viss vi vil at elevar skal få leselyst, må dei ha noko å lesa. Både språk, innhald og form i litteraturen vi tilbyr til barn og unge må reflektera tida vi står i. Og det må vera nok bøker til at alle elevar kan få rett bok til rett tid. Men stoda er sørgeleg nok ikkje slik i mange kommunar. Det er små — om inga — budsjett til innkjøp av ny og aktuell litteratur. Men kor mykje midlar bør ein setta av? I Osloskulen er standarden minimum 100 kr per elev i året. Det er ikkje mykje, og det er også ein *retteiande* sum, ikkje eit krav. Vårt syn er at det burde minst vera **ei ny bok i året** per elev, men vi er redde for at eit krav om dette i Skulebibliotekplakaten ville hindra mange kommunar i å kunna slutta seg til resten av standarden. Men ein kan ikkje seie at ein har eit skulebibliotek utan ny og aktuell litteratur. Så det **må** settast av midlar til innkjøp om ein skal kunne slutta seg til plakaten.



EIN KAN IKKJE SEIE AT EIN HAR EIT SKULEBIBLIOTEK UTAN NY OG AKTUELL LITTERATUR.

DET ER SATT AV TID TIL LESING AV SJØLVVALT LITTERATUR PÅ SKULEN OG HEIME

Leselyst kjem ikkje av tekstar som skulen seier at ein skal lesa. At det er elevar som går gjennom grunnskulen utan å ha lese noko anna enn læreboktekstar er berre trist. All forskning og sunn fornuft seier at ein har størst glede av litteraturen ein har valt sjølv. For å lykkast med leseglede må først og fremst leiinga ved skulen vera oppteken av og leggja til rette for strukturert og aktivt arbeid med lesing, lesestimulerande tiltak og arbeid med skulebiblioteket. Det må vera ein god *lesekultur* på skulen. Det vil seia at elevane skal oppleva at lesing er verdifullt, både på skulen og på fritida. Dei tilsette må fremma lesing som positiv aktivitet. Lesing og *leseglede* må inn på *timeplanen*. Det kan til dømes vera *lesekvart*, som kan vera 15 minutt kvar morgon der elevane les i sjølvvalt bok. Faste bibliotektimer og leseprosjekt innbyr til lesing. Skulen må óg forventa og be om lesing i heimen, der elevane les sjølve eller blir lese for. Lærarane bør vite kva eleven les heime, til dømes gjennom leselogg. Å vita dette gir læraren unike moglegheiter til tilpassa undervisning og formidling av litteratur der eleven delar sine leseopplevingar med jamnaldrande. Skular som Lindesnes-skulen har god erfaring med dagleg lystlesing både på skulen og heime.



ALL FORSKING OG SUNN FORNUFT SEIER AT EIN HAR STØRST GLEDE AV LITTERATUREN EIN HAR VALT SJØLV

4

KVAR KLASSE HAR TIMEPLANFESTA TID PÅ SKULEBIBLIOTEKET

Mange skular fortel om gode erfaringar med å ha *bibliotektime* fast på timeplanen kvar veke. Timeplanfesta tid på skulebiblioteket er naudsynt for å sikra at skulebiblioteket er ein del av det pedagogiske arbeidet. Skulebibliotekar og lærar kan saman laga gode opplegg, der kompetansen til begge kjem elevane til gode. Skulebibliotekaren kjenner litteraturen, og læraren kjenner elevane. Ein viktig del av kvar bibliotektime er tid til at elevane får låna bøker dei sjølv vil lesa. For at elevane må dei få rettleiing og tips til bøker som kan skapa gode leseopplevingar. Bokprat, lesetips og litteraturformidling er gode måter å gjera det på. Når ein formidlar litteratur, bør ein ha eit utval som treff flest mogleg av elevane. Boksamtale med kvar elev skal både handla om kva eleven er interessert i og kva eleven *meistrar* å lesa. Den mest effektive formidlinga er når elevar formidlar til kvarandre gjennom *bokprat*. Det kan vera i klasserommet, i podkast, boktrailerar osv.



TIMEPLANFESTA TID PÅ SKULEBIBLIOTEKET ER NAUDSYNT FOR Å SIKRA AT SKULEBIBLIOTEKET ER EIN DEL AV DET PEDAGOGISKE ARBEIDET

5

SKULANE HAR AVSETT PERSONALRESSURS TIL SKULEBIBLIOTEKANSVARLEG, MED ANSVAR FOR LESESTIMULERING, LITTERATURFORMIDLING OG INFORMASJONSKOMPETANSE

Det er lite som skil eit ubemanna skulebibliotek frå eit lager for bøker. Lesestimulering skjer gjennom korleis bøkene er presentert, utstilt og organisert i eit innbydande og ryddig bibliotek. Formidlinga skjer av ein som kjenner til ny og aktuell litteratur for barn og unge. Undervisning i informasjonskompetanse, som vil seia evna til å identifisere, finne, evaluere og bruke informasjon effektivt og etisk, krev spesialkompetanse og eit bibliotek som er utstyrt og innreia for det. Ein kan ikkje gjera dette utan personalressurs.



DET ER LITE SOM SKIL EIT UBEMANNA SKULEBIBLIOTEK FRÅ EIT LAGER FOR BØKER

DET ER LAGT TIL RETTE FOR SAMARBEID MELLOM SKULE OG FOLKEBIBLIOTEK

Det er mange gode grunner til kvifor dette er viktig. Folkebiblioteket har som regel ei større og betre samling enn skulebiblioteket. På folkebiblioteket er det kompetanse og ressursar som skulebiblioteket bør benytta seg av. Folkebiblioteket har god kontakt med fagmiljø i fylkeskommunen og ellers i Bibliotek-Noreg. For å få stønad til skulebiblitekutvikling frå Utdanningsdirektoratet, er det eit krav at ein har samarbeid med folkebiblioteket. Folkebiblioteka utviklast til å bli viktige møtestader og arenaer for kultur og demokrati. Dei vil bli viktige stader for elevane livet ut, og eit godt samarbeid med skulebibliotek og folkebibliotek vil kunne gi elevane ein god relasjon til desse institusjonane frå dei er små. Derfor er dette samarbeidet eit viktig punkt i den nasjonale bibliotekstrategien «Rom for demokrati og danning».



**PÅ FOLKEBIBLIOTEKET ER DET KOMPETANSE OG
RESSURSAR SOM SKULEBIBLIOTEKET BØR
BENYTТА SEG AV**

7

SKULEBIBLIOTEKA ER GODE STADER Å VERE. LOKALA ER GODT EIGNA TIL LESING OG SOSIALT SAMVÆRE

Ein snakkar gjerne om **dei tre søylene** i eit godt skulebibliotek. Dei to første får mykje merksemd: 1) lesestimulering/litteraturformidling (eller språk- og lesestimulering) og 2) informasjonskompetanse og digital dømmekraft. Skulebibliotekplakaten legg vekt på den tredje søylen: 3) det psykososiale aspektet. Kvifor er dette så viktig? Skulebiblioteket er ein annleis arena enn klasserommet. Under arbeidet med å laga skulebibliotekstandard for Oslo-skulen vart elevar frå fleire skular intervjuja. Dei trekk i stor grad fram det sosiale aspektet ved skulebiblioteket. Dei får jobba og lest godt på skulebiblioteket fordi det er ei god atmosfære der. Det er gode sofaer og stolar kor dei kan sitte og lesa, og det gjer rommet annleis og skapar ein oase for mange elevar. Ein ungdomsskule elev sa i undersøkinga: «Biblioteket er ein fin stad å gjera lekser når det er bråkete og vanskeleg å konsentrera seg heime» (Fredwall & Bergan, 2023).



**SKULEBIBLIOTEKET ER EIN ANNLEIS ARENA
ENN KLASSEROMMET.**

8

SKULEBIBLIOTEKANSVARLEG ER INKLUDERT I ALLE PROSESSAR SOM ER RELEVANTE FOR SITT ANSVARSOMRÅDE

Skulebibliotekaren/skulebibliotekansvarleg er den viktigaste faktoren for at eit bibliotek skal fungera i skulen. Ein kallar gjerne skulebibliotekaren for ein *medpedagog*, og i det omgrepet ligg ei anerkjenning av at skulebibliotekaren inngår i skulen sitt pedagogiske arbeid.. Det er noko langt meir enn å berre halde orden i biblioteket. Som det står i punkt 5 skal ein skulebibliotekansvarleg ha ansvar for litteraturformidling/lesestimulering og informasjonskompetanse, og gjerne også det psykososiale aspektet. Då må denne ha ein fast plass i leiarstrukturen på skulen og verte inkludert i alle prosessar som er relevante for dette om skulen skal lykkast med satsinga på skulebiblioteket.

Kjelder:

Forskrift om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringsforskrifta), 2024: [Forskrift om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringsforskrifta\) - Lovdata](#)

Kunnskapsløftet 2020: Overordna del: [Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen | udir.no](#)

Leselyst med dei minste – Bibliotekutvikling (nettressurs): [Mål og tilnærming - Kompetansebank \(bibliotekutvikling.no\)](#)

Leselyststrategien – Regjeringen, 2024: [Slik vil regjeringa auke leselysta hos barn og unge - regjeringen.no](#)

Opplæringslova §15-5. Skolebibliotek, 2023: [Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) - Lovdata](#)

Forskrift om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringsforskrifta), 2024: [Forskrift om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringsforskrifta\) - Lovdata](#)

Rom for demokrati og danning 2024-2025: [Utvidet nasjonal bibliotekstrategi - ut 2025: Rom for demokrati og danning - regjeringen.no](#)